

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dykkar ref. 201307468-39	Vår ref. 20/03903-8	Saksbehandlar Alexander Kenneth Connor +47 99266630	Dato 15.03.2024
-----------------------------	------------------------	---	--------------------

## Urdelva kraftverk - avgrensa høyring av søknad om bygging av Urdelva kraftverk - fråsegn Vestnes kommune

Vestnes kommune syner til oversending frå NVE av søknad frå Blåfall Prosjekt AS (opphavleg Norsk Omipower AS) i høve løyve etter vassressurslov til å få byggje Urdelva kraftverk i Vestnes kommune. Bygging av Urdelva kraftverk var først på høyring i 2017. Søkjar då var Norsk Vannkraft AS.

Saka vart sist sendt på høyring i 2020 utan at det vart gjort vedtak. Grunna tida som har gått, ønskjer NVE å sende søknaden på ei avgrensa høyring til Vestnes kommune, Møre og Romsdal Fylkes kommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Vestnes kommune kom med motsegn ved begge desse høve, jf. våre brev av 11.09.2017 og 01.09.2020.

Kommunen vil påpeike at det så seint som i oktober 2023 vart registrert raudlisteartar t.d. nytt funn av Skorpeglye (*Rostania occultata*) (sårbar - VU). Òg andre artar som er oppført på nasjonal raudliste er funnen i tiltaksområde sidan føre kunnskapsinnhenting. Kommunen meiner at dette syner at kunnskapsgrunnlaget i høve biologisk mangfald er noko mangelfullt. Det følgjer av dette at Vestnes kommune krev at det vert gjort ein ny kartlegging av biologisk mangfald for nedre del av røyrtaséen for unngå inngrep i edellaavskogslokaliteten og tap av artar. Det stillast krav om fagbotanisk kompetanse ved ei slik kartlegging.

Elles gjer vi merksam på at våre vurderingar og vedtak i brev av 11.09.2017 og 01.09.2020 framleis gjer seg gjeldande. Det følgjer med dette at Vestnes kommune opprettheld sin innsigelse. Grunna ny kunnskap om biologisk mangfald gjer ein merksam på at ein no fremjer innsigelse på tema biologisk mangfald. Omsynet til den registrerte edellaavskogen fell inn under denne vurderinga.

Eit anna moment som vi vil framheve er viktigheita av å ta vare på habitata for dei anadrome fiskeartane i elva ved ei utbygging. Våre krav omkring dette kjem godt fram i våre brev av 11.09.2017 og 01.09.2020.

## VEDTAK

---

**Etter ei samla vurdering, jf. vår saksutgreiing i våre brev av 11.09.17 og 01.09.20 og med heimel i vassressurslova § 24, fremjer Vestnes kommune v/ kommunedirektøren innsigelse til Urdelva kraftverk. Innsigelsen er knytt til tema biologisk mangfald.**

**Dersom det blir gjeve konsesjon, ber kommunedirektøren om at kommunen vert høyringspart i detaljplanlegginga.**

---

Vedtaket er gjort administrativt etter delegert fullmakt og kan påklagast til Vestnes kommune innan 3 veker etter at det er mottatt, jf. Forvaltningsloven §§ 28 og 29.

Med helsing

Alexander Kenneth Connor  
Jordbruk- og miljøansvarleg

*Dokumentet er elektronisk godkjent*